

VR-sak [11/17](#): Regionsamarbeidet med Kina – status, problemstillingar og strategi for vegen vidare.

## Innleiing

Vestlandsrådet gav den 28.02.17 følgjande bestilling, jf. møtereferatet: Samarbeidet med regionar i Kina – notat om nye initiativ m.m. Internasjonal gruppe utarbeider notat eller sak om temaet, og legg til møtet i Vestlandsrådet 11.05.17 fram ein presentasjon om Kina-samarbeidet fram til 2010.

## Samarbeidet fram til 2010

I tida før 2010 hadde ei rekkje byar og fylkeskommunar samarbeidsavtaler med tilsvarande aktørar i Kina. Dette gjeld m.a. Bergen kommune som då hadde ein avtale med Dalian, Rogaland fylkeskommune som hadde avtale med Guangdong, Stavanger kommune som hadde ein samarbeidsavtale med Ningbo og Sogn og Fjordane fylkeskommune som hadde ein venskapsavtale med Ningxia-provinsen. Mange verksemdar frå Vestlandet hadde då etablert seg i Kina med eigen produksjon, etablert ein marknad og skapt verdifulle relasjonar. Kunnskapsinstitusjonar som universitet, høgskular og forskingsinstitutt hadde samarbeid med tilsvarande institusjonar i Kina.

Vestlandsrådet var på ei delegasjonsreise til Kina, inkludert eit opplegg på verdsutstillinga EXPO 2010 i Shanghai, i september 2010. I etterkant ønskte Vestlandsrådet å vurdere etablering av ein eigen Kina-strategi for Vestlandet. IRIS i Stavanger fekk i oppdrag å gjere ei analyse av grunnlaget for ein slik strategi. IRIS la fram rapporten mai 2012 med tre organisasjonsmodellar for det vidare arbeidet med ein Kina-strategi for Vestlandet.

Etter at Liu Xiabo fekk tildelt Nobels Fredspris i 2010 vart samarbeidet med Kina langt meir utfordrande. Medan politiske leiingar tildegare kunne vere nyttige døropnarar for norske verksemdar i Kina, vart tilfelle no brått det motsette.

## Rapporten «En Kina-strategi for Vestlandsrådet og Vestlandet»

I etterkant av Vestlandsrådet si vitjing til Kina i 2010 vart det tinga ein rapport om korleis ein kan organisere samarbeidet med Kina regionalt. IRIS i Stavanger vann anbodskonkurransen, og rapporten vart lagt fram for Vestlandsrådet i 2012.

På grunnlag av analysen utvikla IRIS tre moglege organisasjonsmodellar for det vidare arbeidet med ei Kina-satsing:

- 1) Sentralisert oppgåveløysing: I modellen er utgangspunktet at Vestlandsrådet tek det politiske ansvaret for å koordinere arbeidet med ein Kina-strategi for alle fire vestlandsfylka.
- 2) Desentralisert oppgåveløysing: I modellen er utgangspunktet at kvar av dei fire vestlandsfylka vel sine egne måtar å arbeide med spørsmål knytt til samarbeid med Kina. Vestlandsrådet vert trekt inn når det er aktuelt å samordne aktørane politisk på tvers av fylkesgrensene.
- 3) Nettverksmodellen: Modellen er basert på eit lite koordinerande sentrallidd som skal samordne internt på Vestlandet og mellom Vestlandet og ulike norske satsingar i Kina. Her ligg ansvaret for informasjonsflyt og vedlikehalde møteplasser. Det viktigaste organisatoriske elementet er eit nettverk som alle interesserte aktørar på Vestlandet bygger rundt arbeidet med Kina-spørsmål.

Då rapporten vart lagt fram i 2012 var forholdet mellom Kina og Noreg anstrengt, og det vart konkludert med at det var eit dårleg tidspunkt å legge grunnlag for ei langsiktig satsing mot Kina. Det vert no ikkje vurdert naudsynt å utarbeide ein ny rapport, men at utgreiingane og forslaga igjen kan vere aktuelle.

## Normalisering av samarbeidet med Kina

Tilhøvet til Kina er no i ferd med å normalisere seg. I 2016 vart forhandlingane om ein frihandelsavtale tekne opp att, og med det har vi fått ein fornya dialog på politisk nivå. Statsminister Erna Solberg, utanriksminister Børge Brende og næringsminister Monica Mæland vitja Kina i april 2017. I møta vart det understreka behov for dialog og samarbeid om FN-spørsmål, menneskerettar, nordområdepolitikk og handelspolitikk.

Samstundes er det viktig å understreke at Kina er ein stor marknad for norsk næringsliv, og at kinesiske bedrifter i aukande omfang etablerer seg i Noreg. Sjølv om nokre norske varer vart råka av eit dårleg politisk klima mellom Noreg og Kina, har handelen med Kina generelt hatt ein sterk auke i perioden etter 2010, uavhengig av politiske «døropnarar».

Kina er ein global aktør, verdas nest største økonomi og ein premissgjevar i internasjonal politikk. Kunnskap om kinesisk språk og kultur vil vere ein viktig kompetanse i ein global arbeidsmarknad. Vidaregåande skular har ei viktig rolle her med opplæring i kinesisk og utveksling av elevar.

Med ein fornya dialog og normalisering av samarbeidet er det venta fleire førespurnader om samarbeidsavtaler også på regionalt nivå. Dette fordrar diskusjonar om byane/fylka på Vestlandet skal vidareføre samarbeidsavtalene frå før 2010, eventuelt kva for regionar det er strategisk å inngå samarbeid med samt kor mykje ressursar ein vil nytte til arbeidet. I norsk regionalt Kina-forum finst det kjennskap til kinesiske regionar og deira næringsstruktur. Norsk regionalt Kina-forum er eit administrativt forum for representantar frå norske byar og fylke som har eit Kina-engasjement, samt representantar frå nasjonale styremakter, Innovasjon Noreg, utdanningsinstitusjonar og andre.

Generelle samarbeidsavtaler kan vere ein føresetnad for kinesiske regionar for å samarbeide med og vitje europeiske regionar. Generelle samarbeidsavtaler fordrar også at det er gjort ei vurdering av om samarbeidsregionen kan bidra til regional utvikling her heime eller betre vilkår for norske bedrifter i Kina. Generelle samarbeidsavtaler vil elles vere ressurskrevjande å følgje opp.

## Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet understrekar at Kina er ei økonomisk og politisk verdsdikt, og at kinesisk språk og kultur vert viktig i vidaregåande opplæring i åra framover.
2. Kina utgjer ein viktig marknad for norsk næringsliv, og det har vore utstrekt handel sjølv i periodar med eit anstrengt og til tider dårleg politisk klima. Politikarar som «døropnarar» eller generelle samarbeidsavtaler har ikkje vore avgjerande for handel eller investeringar i Kina.
3. Vestlandsrådet vel difor ei desentralisert løysing i vidare arbeid med Kina: I denne modellen er utgangspunktet at kvar av dei fire Vestlandsfylka vel sine egne måtar å arbeide med spørsmål knytt til samarbeid med Kina. Vestlandsrådet vert trekt inn når det er aktuelt å samordne aktørane politisk på tvers av fylkesgrensene.

-----